

# Saksframlegg

---

Sakshandsamar: Helga Bakken  
Arkivsaksnr.: 10/3126-55

---

Arkiv: H12

## Sogndal omsorgssenter - Utbyggingsprosjekt

### \* Tilråding:

Romprogrammet for SOS-utbygginga vert auka med 180 m<sup>2</sup> for å kunne lokalisere jordmortenesta og helsestasjonstenesta. Kostandsramma vert auke med 6,3 mill. kroner.

### Vedlegg:

### Saksutgreiing:

### Bakgrunn:

I samband med utgreiing av delt løysing og romprogram for utbygging av Sogndal omsorgssenter, jf. k-sak 13/12, ba kommunestyret rådmannen om å greia ut verknadane av å lokalisera helsestasjons- og jordmortenesta som ein del av SOS-utbygginga, ev. som eit byggetrinn 2.

Bakgrunnen for vedtaket er at legetenesta og fysioterapitenester og ambulansetenesta, som i dag er lokaliserte i helsesenteret, skal flytta inn i nye lokale når SOS-utbygginga er ferdig.

Jordmor- og helsestasjonstenesta er organiserte i eininga Barn og unge som i tillegg inneheld Sogn barnevern og ungdomsavdelinga. Både helsestasjon, barnevern og ungdomsavdelinga har eit felles fokus på førebygging og tidleg intervensjon. Sogn barnevern er interkommunal og har fire ulike jordmor-, helsestasjons og legetenester å samhandla med i fire ulike kommunar. Samlokalisering med legetenesta og fysioterapitenesta for barn og unge vert vurdert som ei optimal løysing både for barnevernet, helsestasjonen og jordmortenesta når det gjeld fokus på førebygging, samhandling og tett samarbeid mellom desse tenestene.

Spørsmålet om kva følgjer flytting av legetenesta, fysioterapi for barn og unge og ambulansetenesta får for helsestasjon og jordmortenesta har difor vore drøfta ved fleire høve. Dei interne drøftingane viser at for jordmortenesta vert det vurdert som viktigast å vera lokalisert i same bygg som legetenesta, fysioterapitenesta og ambulansetenesta. Dersom helsestasjonen kan velja, er prioritet ein å vera samlokalisert med legetenesta og fysioterapitenesta og prioritet to jordmortenesta. Dersom barnevernet kan velja, er det viktigast å vera i same bygg som legetenesta og helsestasjonen.

### Vurdering:

Rådmannen legg til grunn at det ikkje er aktuelt å flytta heile eininga barn og unge til nytt helse- og omsorgssenter etter at SOS-utbygginga er ferdig.

Betre samordna tenester retta mot barn og unge og auka verktlegging av det førebyggjande arbeidet talar i retning av at barn og unge eininga er samlokalisert slik dei er det i dag i Dalavegen 2. Ut frå driftsmessige og faglege omsyn vil det vera viktigast for jordmortenesta og helsestasjonen å vera samlokaliserte med legetenesta og laboratoriefunksjonar. For helsestasjonen sin del gjeld dette særleg

reisevaksinasjon og samfunnsmedisinske oppgaver retta mot flyktningar og asylantar. Rådmann vil rå til at areal for helsestasjon og jordmor vert teke inn i romprogrammet for SOS-utbygginga.

Helsestasjonen og jordmor disponerer i dag eit areal på 216 m<sup>2</sup>. Under føresetnad av at vi kan få sambruk av areal til ekspedisjon, labratorium og grupperom med andre deler av helsetenesta, så er arealbehovet for helsestasjon og jordmor 180 m<sup>2</sup>. Legg vi til grunn same kvm-pris som i skisseprosjektet, 35 098 kroner (2011-prisar), vil kostandsoverslaget auka med 6,3 mill. kroner. Differansen mellom auka kapitalkostnader ved nybygg av dette arealet og alternativ bruk/leigeinntekter i Dalavegen 2 vil årleg bli på 250 – 300 000 kroner. Delar av denne kostnadsauken bør kunne takst inn gjennom effektivisering av drifta (t.d. felles respesjonstenester).

Sogndal 19. april 2013

Jostein Aanestad  
rådmann